

---

**Fra:** Vegard Thise [mailto:[Vegard.Thise@finnøy.kommune.no](mailto:Vegard.Thise@finnøy.kommune.no)]

**Sendt:** 24. juni 2014 18:26

**Til:** Postmottak KMD

**Emne:** sak 14/3975

Formannskapet i Finnøy kommune har i dag handsama ovannemnte sak. Vedlagt følgjer utdrag frå protokollen:

**071/14: HØYRING – LOVFORSLAG OM STATLEG GODKJENNING AV  
KOMMUNALE LÅNEOPPTAK OG LEIGEAVTALAR FOR  
IVERKSETJING AV KOMMUNEREFORMA.**

**ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Lovforslag om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar for iverksetjing av kommunereforma – Høyringsuttale frå Finnøy kommune:

Finnøy kommune meiner det er viktig og nødvendig at ein i reformperioden har ordningar som sikrar mot uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar frå enkeltkommunar. Finnøy kommune støtter difor lovforstag om lovforstag om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar for iverksetjing av kommunereforma. Ein bed samstundes om at departementet snarast råd definerer krav og kriterier for ordninga, og gjer desse kjent for kommunane.

**FSK-071/14 VEDTAK 24.06.2014:**

Ordførar Gro Skartveit (V) fremja fylgjande forslag til vedtak på vegne av V, Sp, Krf og SV:  
«Finnøy kommune stiller seg negativ til lovframlegget om statlig godkjenning av kommunale låneopptak og leieavtalar før iverksetting av kommunereformen.  
Finnøy kommune mener lovframlegget bryter med fundament for reformen; frivillighet og tillit. Finnøy kommune mener lovframlegget vil føre til unødvendige statlig detaljstyring og byråkratisering.» Ved votering fekk forslaget 6 røyster og vart vedtatt.

Rådmannen sitt forslag til vedtak fekk 2 røyster (Frp og Ap) og falt.

**Finnøy kommune stiller seg negativ til lovframlegget om statlig godkjenning av kommunale låneopptak og leieavtalar før iverksetting av kommunereformen.**

**Finnøy kommune mener lovframlegget bryter med fundament for reformen; frivillighet og tillit.**

**Finnøy kommune mener lovframlegget vil føre til unødvendige statlig detaljstyring og byråkratisering.**